

Ny abortlov

nå!



Ingen tvangsgraviditetar – la kvinna bestemma!

Fram til 12. veke i svangerskapet er den gravide kvinna ifølgje abortlova i stand til sjølv å avgjera om ho vil bera fram barnet, eller om det vil vera meir rett å ta abort.

RAUDT SEIER:

- Den gravide kvinna må ha rett til å rå over sin eigen kropp så lenge abort er lov.

I 2020 vart det utført 508 nemndbehandla abortar, det er 4,6 prosent av alle svangerskapsavbrott, 498 av desse vart innvilga i primærnemnd på grunnlag av risiko for fosterskadar, sosiale forhold og/eller mors helse.

RAUDT SEIER:

- Vekk med nemndene! La kvinna sjølv bestemma både før og etter 12. veke.

Kvinnene gjer dei rette vala, og treng ikkje stå til rette for ei nemnd.

- Vi utvidar ikkje abortgrensa, berre kvinna sin rett til å bestemma sjølv. Ingen kvinner ønsker å gjennomføra ein seinabort utan at dei opplever at det er særleg tungtvegande grunnar til det.
- At ei statleg nemnd skal kunna påleggja kvinner å gjennomføra svangerskap mot deira vilje, er rein kvinneforakt.

FOR 106 ÅR SIA SA KVINNESAKSPIONEREN KATTI ANKER MØLLER DET SLIK:

«Grundlaget for al frihet er raadighet over egen krop og hvad i den er. Det motsatte er en slaves tilstand.»

FAKTA OM ABORT

ABORTAR I NOREG:

2020: 84,6 prosent av alle sjølvbestemte avbrott vart utført før 9. veke. Av i alt 11081 svangerskapsabrott i 2020, vart 8950 utført før veke 9, 1625 i veke 9 – 12, 360 i veke 13 – 18, 142 i veke 19-21 og 4 i veke 22+. (Tal frå Folkehelseinstituttet.)

SJØLVBESTEMT ABORT I ANDRE LAND:

Danmark til og med veke 12, Sverige til og med veke 18, Island til og med veke 22, England og Wales opp til veke 24, New Zealand opp til veke 20. I land som har utvida abortgrensa eller fjerna kontrollinstansar har talet på seinabortar ikkje gått opp.

